

Kursleiing:

Leirsjefar: Iselin Leistad og Benedicte Hansen

Musikksjef: Johanne Jeremiassen

Dirigentar og akkompagnatører: Henriette V.E. Skagen, Oddgeir Kjetilstad, Erlend Leinan Lund, m.fl

Målgruppe: Korsongarar som vil synge, få leiartrening og ha det kjekt ei veke. 100 stk 10–19 år. Det er viktig at deltakarane er modne/motiverte for ei heil veke med mykje øving og aktivitet. (Vi ynskjer at deltakarane deltar utan foreldre, men gjerne i følge med dirigent. Deltakarane blir følgt opp av ungdomsleiarane som har hatt leiartrening. Hvis det er nødvendig med vaksnefølge, vil vaksne medfølgjande bli sett i arbeid. Det er forventa at leiarane har hovudansvaret for deltakarane under leiren.)

Deltakarkontingent: Basispris: kr 4500
påmeldt før 10. mars: kr 3700

Søskenrabatt - kr 500 pr deltakar. Du får faktura frå oss, med betalingsfrist på billigfrisdagen (osv.). Kontingenten dekkar kost, losji, notar, utstyr og aktivitetar.

Innvartering: Innvartering på fleirsengsrom.

Arrangør: Landsstyret i Ung kyrkesong

Påmelding: Påmelding opnar 1. februar 2026.

Ung kyrkesong, Landssekretariatet

Konsul Wilds vei 1, 4621 Kristiansand, telefon 37 27 18 17

e-post: ungk@online.no.

Det er ei magsgrense på 20 deltakarar pr kor fram til 1. mars.

Påmeldingsfrist: 1. mai 2026

Det er plass til 110 personar med stort og smått.

Oppdaterte opplysningar på nettsidene: www.sang.no

Fotografering: Alle deltakarar blir fotograferte som del av innregistreringa. Vi publiserer også bilde frå aktivitetar på facebook og nettsida (sang.no). Bilde kan også bli brukte i medlemsblad, etc. Viss nokon vil reservere seg mot å vere med på slike bilde, må vi få beskjed.

Vandring: Ungdomsleiarar og juniorleiarar f. 2010 og tidlegare som skal vere med på Mjuklia i 2026, må vere med på vandringa frå 25. juli. Frammøte Meldal 21. juli om ettermiddagen. (Sjå eigen brosjyre.) Korsommarskulen syng i Nidarosdomen søndag 3. august kl 11 (med atterhald om endeleg avtale) Deltakarane reiser heim måndag 4. august om morgonen, etter frukost. (Det er også mogeleg å reise søndag etter gudstenesta i Nidarosdomen)



Johanne Jeremiassen




Benedicte Hansen



Iselin Leistad



Henriette V. E. Skagen



Oddgeir Kjetilstad



UNG KIRKESANG

KORSOMMARSKULE 2026 PÅ MJUKLIA 29. juli–3. august



Påmelding til Korsommarskule 2026

Mjuklia (sør for Trondheim)

påmelding opnar 1. februar

Ja, eg vil vere med på Korsommarskulen 2026 som

- ☐ Deltakar 10–19 år (A), kr 4500 (kr 3700 betalt før 10. mars)
- ☐ Ungdomsleiar 16 år+ (B) kr 4000 (kr 3700 før 10. mars) møter 21. juli.
- ☐ Vaksenleiar/dirigent med oppgåver (ein gratis pr kor, elles deltakarpris)

Namn: Fødselsdato/år:.....

Adresse:

Postnummer: Stad:

Telefon:.....

E-postadresse:

Allergi / Særskilde krav til diett etc:

Eg har sunge i kor i år. Koret mitt heiter:

Andre opplysningar:

Eg kan symje: ☐ ja ☐ nei. Viss ja: ☐ litt ☐ 25 meter ☐ 200 m eller meir
T-skjorte-storleik: ☐ 7-8 år ☐ 9-11 år ☐ 12-13år ☐ S ☐ M ☐ L ☐ XL ☐ XXL
NB: Ung kirkesang si facebookside og nettside vil bli oppdatert med bilde og oppdateringar undervegs. Dersom det er viktig at nokon ikkje blir publisert, er det viktig at vi får beskjed om det.

Forelder/føresett som kan kontaktast i korsommarskuleveka:

.....

Underskrift frå forelder/føresett:.....

Send påmeldinga til Ung kyrkjesong, Konsul Wilds vei 1, 4621 Kristiansand,
e-post: nils@sang.no Innan 1. mai 2026

Korsommarskulen er støtta av:



Kvar: Mjuklia Ungdomssenter, Berkåk, sør for Trondheim ved E6 og jernbane.

Når: Korsommarskulen startar onsdag 29. juli om ettermiddagen og vi reiser heim måndag 3. august, etter morgonsmat.

Målgrupe: Korsongarar 10 år og eldre, saman med korleiar/dirigent. Det ei maks-grense på 20 deltakarar pr kor, fram til 1. mars.

Mål: Stimulere og inspirere korsongarar til å satse på korsong. Øve inn nytt repertoar som høver til gudstjenestebruk. Gje grunnleggjande leiartrening. Utvikle venskap og nettverk som kan inspirere til vidare samarbeid for leiarar og korsongarar.

Pris: For deltakarar: kr 4500. Søskenrabatt: - kr 500 for kvar Rabatt for dei som betaler tidleg: Kr 3700 ved betaling før 10. mars. Ved påmelding får du faktura frå oss på e-post med forfall på fristdag. Deltakarkontingenten dekkar kost og losji, materiell, notar og medlemskap. Ein dirigent/vaksenleiar kan vere med pr kor, gratis. Hugs å søkje koret, soknerådet eller regionleddet om støtte! Støtteordninga for inkluderig, barnefattigdom etc, er flytt til kommuneivå. Slike midlar må ein nå kontakte kommunen om.

Ta med: Sovepose og laken, eller pute- og dynetrekk og laken (du får seng i fleirsengsrom), toalettsaker, sommartøy, varmt tøy også! Regntøy, badetøy, innesko.

Turdag: Tur til Trondheim, korsommarskulen syng i gudsteneste i Nidarosdomen søndag 2. august kl 11. (med atterhald)

Om Mjuklia: Sjå www.mjuklia.no
NB: Mjuklia er ein gard, 475 m.o.h., der det er geiter, kaninar, ender, gjess og kattar som du kan klappe og kose med. Er du allergisk, melder du frå om det på førehand.

